



Utvalg: Kontrollutvalet i Samnanger kommune
Møtestad: Kommunestyresalen, Kommunehuset i Samnanger
Dato: 13.02.2017
Tidspunkt: 14:00

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved **å ringa** til Kari Nygard tlf. 916 64 183/ 55 23 94 06 eller til Hogne Haktorson, tlf. 55 23 94 53/911 05 982,

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Det er planlagt at Kari Nygard møter frå sekretariatet, på dette møtet.

Brigt Olav Gåsdal
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Rådmann

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
PS 1/17	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 2/17	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
PS 3/17	Deloitte orienterer om arbeid med å vurdere handsaming av konsesjonssak		2016/97
PS 4/17	Byggjerekneskap for Samnangerheimen - handsaming i kontrollutvalet før uttale		2016/48
PS 5/17	Møteplan for kontrollutvalet i Samnanger kommune 2017		2016/14
PS 6/17	Kurs i regi av Deloitte 2017		2014/426
PS 7/17	Årsmelding for Samnanger kommune for 2016		2016/81
PS 8/17	Referatsaker		
RS 1/17	Utvalet sitt kvarter		2014/240
RS 2/17	Vedtak kommunestyret 15.12.2016 Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020		2015/131
RS 3/17	Vedtak kommunestyret 15.12.2016 Plan for selskapskontroll 2016-2020		2015/65
RS 4/17	Vedtak kommunestyret 15.12.2016 Økonomiplan 2017 – 2020		2016/38
RS 5/17	Rekneskap kontroll og tilsyn i Samnanger kommune pr. 31.12.2016		2016/37
RS 6/17	Tilsyn Samnanger kommune, sentraladministrasjonen		2015/135
RS 7/17	Vedteke budsjett kontroll og tilsyn Samnanger kommune 2017		2016/37
PS 9/17	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval		2015/133
PS 10/17	Eventuelt		

PS 1/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 2/17 Godkjenning av protokoll frå forrige møte



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 217
Arkivnr: 2016/97-29
Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	3/17	13.02.2017

Deloitte orienterer om arbeid med å vurdere handsaming av konsesjonssak

Bakgrunn

Kontrollutvalet gjorde vedtak i møte 14.11.16 om å bestilla gjennomgang av sak vedr. «Vurdering av handtering av konsesjonssak». Deloitte sitt tilbud, datert 06.12.16 vart godkjent, og arbeidet med gjennomgangen av saka vart starta opp. Oppdraget er skildra slik i tilbods brevet:

«Føremål og problemstillingar for oppdraget

Føremålet med oppdraget er å vurdere Samnanger kommune si handtering av anke i samband med konsesjonssak for Aldalselva kraftverk i 2016.

Følgjande problemstillingar vil bli svara på i notatet:

- 1. Er regelverk for sakshandsaming og delegasjon følgt i samband med anke knytt til konsesjonssak for Aldalselva kraftverk ?*
 - a) Er ankesaka handsama av dei rette politiske organa?*
 - b) Har rådmannen handsama ankesaka i tråd med regelverket?*
- 2. Er regelverket for habilitet følgt i samband med anke knytt til konsesjonssak for Aldalselva kraftverk?*
 - a) Blei kommunen sine rutinar knytt til vurdering av habilitet i politiske møte følgt i samband med denne saka?*
 - b) Kva blei gjort for å sikre at dei som handsama saka var habile til å gjere dette?*
 - c) Er det døme på at enkeltpersonar som var involvert i handsaming av ankesaka ikkje var habile til å handsame saka?»*

Arbeidet med saka er nå godt i gang. Aktuelle dokument vert gjennomgått og intervju vert gjennomført og verifiserte av intervjuobjekta. Notat etter utført gjennomgang vil ikkje vera klar til dette møtet i kontrollutvalet. Deloitte vil derimot orientera om stoda så langt i arbeidet med saka.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen om saka til orientering.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 216
Arkivnr: 2016/48-3
Sakshandsamar: Hogne Haktorson

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	4/17	13.02.2017

Byggjerekneskap for Samnangerheimen - handsaming i kontrollutvalet før uttale

Bakgrunn for saka.

Kontrollutvalet har motteke «Byggjerekneskap for Samnangerheimen» frå Samnanger kommune. I oversending av 31.01.17. skriv rådmannen:

«Her kjem byggerekneskapen. Dette er sendt til Husbanken som underlag for utbetaling av tilskot. Dei stiller ikkje krav om revisorstadfesting, så vi ser ikkje for oss at det skal til revisjonen.»

Reglement og avtale.

Sekretariatet vil visa til aktuelle utdrag frå:

- Reglement for kontrollutvalet i Samnanger kommune
- Økonomireglement for Samnanger kommune
- Avtale mellom Samnanger kommune og Deloitte AS som revisor

Reglement for kontrollutvalet i Samnanger kommune, utdrag:

«Prosjektrekneskapar over kr. 500.000: Så snart eit prosjekt er avslutta, skal prosjektrekneskapen leggjast fram for kontrollutvalet som gjev tilråding til det organ som har vedteke kostnadsoverslag og finansieringsplan - (sjå Økonomireglement for Samnanger kommune).»

Økonomireglement for Samnanger kommune, utdrag:

Investeringsprosjekt som skal førast på to eller fleire budsjett, skal førast som eige prosjektrekneskap (byggeregnskap). For investeringsprosjekt med ei kostnadsramme på over kr. 500.000 skal det alltid førast eige prosjektrekneskap.

Prosjektrekneskapen skal spesifiserast slik at tala kan samanliknast direkte med kostnadsoverslaget.

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00
Direkte telefon 55239453 – Mobil 91105982 - E-postadresse: hogne.haktorson@hfk.no eller kontrollutvalet@hfk.no
Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

Så snart eit prosjekt er avslutta, skal prosjektrekneskapen leggjast fram for kontrollutvalet som gjev tilråding til det organ som har vedteke kostnadsoverslag og finansieringsplan. Organet skal samstundes med slutthandsaming av prosjektet gjera vedtak om finansiering av eventuelle overskriddingar, eller disponering av ubrukte midlar til prosjektet. Overskriddingar som ikkje vert dekkja av ledige midlar innanfor same rammeområde i kapitalbudsjettet, skal handsamast av kommunestyret. Bruk av lånemidlar kan berre vedtekast av kommunestyret.

*Ved overskriddingar skal saka **alltid** verta lagt fram for kommunestyret til handsaming så snart prosjektansvarleg er kjend med dette.*

Avtale mellom Samnanger kommune og Deloitte AS som revisor, utdrag frå kravspesifikasjon:

3.0 Fastprisoppdrag

3.1 Rekneskapsrevisjon

«REVISOR skal og utføre kontroll og attestasjon av ulike kompensasjons- og tilskottsordningar. Anslagsvis vil det vere om lag 15 slike oppdrag i året. Dette gjeld mellom anna:

- Attestasjon for momskompensasjon for kvar momstermin*
 - Attestasjonar for statlege tilskot, refusjonskrav, prosjekt, fond, EU prosjekt (både som lead partner og ikkje lead partner) og andre oppgåver.*
- Slike oppgåver har ofte korte tidsfristar og REVISOR skal tilpasse seg til dette.»*

Drøfting.

I det vidare vil sekretariatet drøfta kva handtering som er vanleg i kontrollutvala av prosjektrekneskapar, som dette må kallast, samt kva reglement i Samnanger kommune seier om dette.

- A) Det er openbart, jmf. reglement for kontrollutvalet og i økonomireglementet, at det skal føreligga prosjektrekneskap. Dette då investeringane går over meir enn eit år og har ein kostnad som langt overstig kr. 500.000,-.
- B) Kontrollutvalet sin funksjon, etter same reglement, er å gje ei tilråding til det organ som har vedteke kostnadsoverslag og finansieringsplan. For så store prosjekt som det her er snakk om, vil det vera kommunestyret.
- C) Sekretariatet kan ikkje sjå at kontrollutvalet har føresetnad for å gje uttale (tilråding) utan at det føreligg ein attestasjon til prosjektrekneskapen frå revisor. Det er og vanleg å ha slik beretning / uttale frå revisor, knytt til prosjektrekneskapar som kontrollutvala gjev uttale til, i andre kommunar me er sekretariat for.
- D) Slik me tolkar avtalen med revisor, skal dei og gje attestasjon for prosjekt som del av fastprisen. Sjølv om rådmannen informerer om at Husbanken ikkje treng revisorstadfesting, er det vår oppfatning at kontrollutvalet og kommunestyret treng denne dokumentasjonen.
- E) Revisor vurderar då om vedlegg i denne saka er tilstrekkeleg for å gje attestasjon, eller om dei må be om meir informasjon. Sekretariatet kan og be om tilleggsinformasjon, dersom ein finn det naudsynt. Det er ikkje vurdert i denne saka om føreliggande dokumentasjon er tilstrekkeleg. Denne saka omtalar mest prosessen vidare.
- F) Ettersom kontrollutvalet gjev uttale, inneber det at det er kommuneadministrasjonen som skriv sak om prosjektrekneskapar til kommunestyret, evt. formannskapet, der uttalen frå kontrollutvalet og revisor sin attestasjon inngå som to vedlegg. Altså tilsvarande som for kommunen sin årsrekneskap.
- G) Ved seinare prosjektrekneskapar kan kommuneadministrasjonen eller sekretariatet be om slik attestasjon frå revisor som del av sakshandsaminga, utan at kontrollutvalet treng ha oppe sak kvar gong der dei ber om det. Også det er vanleg i andre kommunar.

Konklusjon.

Kontrollutvalet bør be revisor om ein attestasjon av prosjektrekneskapen / byggjerekneskap for Samnangerheimen, før dei gjev sin uttale.

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber revisor om attestasjon av prosjektrekneskapen / byggjerekneskap for Samnangerheimen.
2. Attestasjonen kan stilast til kommunestyret, og sendast til sekretariat for kontrollutvalet.
3. Sak om uttale frå kontrollutvalet vert å ta opp som sak når revisoruttale og tilstrekkeleg informasjon frå kommuneadministrasjonen ligg føre.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

- 1 Byggjerekneskap for Samnangerheimen



SAMNANGER KOMMUNE

BYGGJEREKNESKAP

for

Samnangerheimen



a) Sjukeheim

b) Dagsenter

c) 1995-bygget

1. Bakgrunn

Husbanken gir støtte til bygging av sjukeheimar m.m. Samnanger kommune har nytta seg av tre ulike tilskotsordningar, bygging av sjukeheim med ein fast pris pr. plass, bygging av dagsenter og heving av teknisk standard på eksisterande bygg . For dei to siste ordningane vert det gitt tilskot i høve til investeringane.

Husbanken krev dokumentasjon for gjennomføring av prosjekta før tilskot vert betalt ut. Dei krev rapportering etter same mal som søknaden vart sendt inn. Dei krev også byggerekneskap. Me presenterer her eit samla byggerekneskap for utbygginga med underrekneskap for dei tre prosjekta som har fått støtte frå Husbanken. Samnanger kommune har gjennomført eit litt større prosjekt kostnadmessig enn det me har søkt om midlar til Husbanken. I delprosjekt a) sjukeheimen vil det derfor verta vist eit avvik mellom søknad Husbanken og rekneskap. Dette avviket må ikkje forståast som eit meirforbruk.

2. Skildring av tiltaket

Det er bygd ny sjukeheim med to pasientavdelingar kvar for 8 bebuarar med felles stove og kjøkken. Dei andre fasilitetane som er bygd til sjukeheimsdrifta er dimensjonert for 31 plassar – dei 16 nye plassane og dei 15 plassane i 1995-bygget. Ved produksjonskjøkkenet skal det i tillegg til å levera til mat til bebuarane på sjukeheimen også lagast mat til brukarane av dagsenteret og til heimebuande. Det er etablert eit vaskeri der ein primært vaskar pasienttøy. Personalfasilitetane som garderober, dusj, pauserom etc er dimensjonert for ein sjukeheim med 31 bebuarar og for dagens tenestetilbod i heimetenestene og dagsenteret samt for øvrige tilsette på sjukeheimen. Det er laga til kontor for leiinga ved sjukeheimen, for merkantilt personale, kontor til leiar for funksjonshemma og for psykiatri, møte- og rapporteringsrom for heimetenesta og diverse andre nødvendige rom knytt til kontordrifta. Det er laga til vaktrom på avdelingane og eit felles laboratorium/medisinrom. I underetasjen er det kontor til lege og fysioterapeut. I tilknytning til dei er det laga eit trim-/opptreningsrom. Her er lokale til frisør og fotpleiar og rom der pårørande kan overnatta. Det er laga til eit stort felles lokale til dagsenter og andre arrangement. Dette inkluderer to rom inkl kjøkken, garderober, kvilerom. Det er etablert to separate parkeringsplassar, den eine primært til bruk for kommunale bilar. Det er gjort oppgradering av 1995-bygget som inkluderer brannførebyggande tiltak og ein del større vedlikehaldstiltak. Uteområdet rundt sjukeheimen er utbygd med m.a. sansehage og fleire sitteområde.



3. Vedtak om oppstart og endringar


Endeleg vedtak om bygging av sjukeheimen vart gjort i august 2014, i kommunestyresak 45/14. Det vart i budsjettet for 2015 fatta vedtak om tilleggsfinansiering.

Prosessen fram mot vedtak om bygging har vore lang. I pleie- og omsorgsplanen for Samnanger kommune 2008 – 2012 er utbygging ved Samnangerheimen sett opp som første prioritet, og i budsjettet for 2009 vart det sett av midlar til planlegging av denne utbygginga. Det vart først laga eit skisseprosjekt. Prosjektet starta opp ut frå ei formeining om at eksisterande bygningar kunne nyttast. Det vart konkludert med at det ikkje var rett, og det vart fatta vedtak om å erstatta heile bygningsmassen med unnatak av 95-bygget. Utgangspunktet var også at 8 av dei 16 plassane skulle vera omsorgsbustader med heildøgns tilsyn. Slike plassar krev meir areal, og som ledd i få ned kostnaden gjekk ein bort frå dette og bygde berre sjukeheimsplassar. Det var også intensjonen å leggja til rette for framtidig utviding med 8 plassar. Dette vart også lagt bort i løpet av prosessen, då ein såg at behovet låg lenger fram i tid enn ein først trudde. Kommunen kjøpte to eldre bustader på oppsida av fylkesvegen. Desse vart fjerna for å gi plass til parkering.



4. Organisering av prosjektet

I 2009 var utval for oppvekst og omsorg vald til styringsgruppe. Utvalet fatta i sak 11/10 slik organisering av prosjektet:



Verneombod ved Samnangerheimen.

I prosjektgruppa vil fylgjande delta:
Politisk representant: Kristian Jørgensen
Representant for brukarane: Tomas J Ådland
Prosjektleiar: John Inge Sandvik
Einingsleiar for pleie og omsorg Grete Lill Hjartnes
Avd. leiar i pleie og omsorg: Susanne Ulvenes

Prosjektgruppa vel sjølv leiar. Prosjektgruppa rapporterer jammleg til styringsgruppa.

Det vert sett ned ulike arbeidsgrupper etter behov. Ansvar for nedsetting og oppfølging av arbeidsgruppene vert lagt til einingsleiar for PLO. Eldrerådet sin representant vert med i arbeidsgruppene.

Kommunestyret fatta i sak 32/12 nytt vedtak om organisering:

Prosjektet har fleire store utfordringar og det er ynskjeleg med ei tettare politisk styring. Det vert sett ned ei ny prosjektgruppe med følgjande medlemmer:

- Brigte Olav Gåsdaal – leiar
- Karl Kollbotn
- Bodil H. Øpstebo
- Tone Ramsli (rådmann)
- Grete Lill Hjartnes (einingsleiar plo)
- Åse Waage Tveit (hovudverneombud)
- Byggjeleiar

Prosjektgruppa rapporterer til kommunestyret.

Einingsleiar for pleie- og omsorg organiserer aktuelle arbeidsgrupper i eininga og tek ansvar for brukarmedverknad. Prosjektgruppa legg opp til dialog med arbeidsgruppene. Kommunestyret er kjent med at kostnadsråma for bygging av sjukeheim/omsorgsbustader må aukast med inntil 10 mill. kr.

Kommunestyret ber prosjektgruppa / byggjekomite gå gjennom kostnadene og presentera ei detaljert oversikt med framlegg til finansiering. Dette vert lagt fram for kommunestyret i ei ny sak i neste kommunestyremøte.

Karl Kollbotn ønskte ikkje å vera med i prosjektgruppa, og han vart erstatta av Eva Hellevang.

Prosjektleiar var Olav Turøy frå Asplanviak. John Inge Sandvik var byggjeleiar i planfasen. Tor Børresen vart engasjert som byggjeleiar frå desember 2014 og fulgte prosjektet til det var ferdigstilt. Prosjektet vart gjennomført som generalentreprise med Hent a.s. som entreprenør.

5. Framdriftsplan

Etter at det var fatta endeleg vedtak om igangsetting gjekk framdrifta som planlagt, og heile sjukeheimen vart teken i bruk i april 2016.

6. Økonomisk oversyn

Me presenterer her heile kostnaden, dvs. inkl. dagsenter og 95-bygget som var del av entreprisen.

	rekneskap
Entreprisekostnad kontrakt	73 214 145
Entreprisekostnad tillegg Hent	6 036 617,84
Byggkostnader ekst Hent	1 099 685,59
Prosjektering (Norconsult)	14 351 372,5
Uavhengig kontroll og prosjektleiing (Asplan Viak)	958 375,18
Løn egne tilsette inkl. sos. utgifter	2 771 069,81
Byggestrøm, rigg og div. kostnader	214 191,44
Rentekostnader	1 822 458
Merverdiavgift	24 068 165,5
Sum prosjekt	124 536 081

I tillegg til dette kjem kostnad med kjøp av eigedom som seinare vart nytta til parkeringsplass og tiltak på 1995-bygget som ikkje inngjekk i hovudfinansieringa.

	rekneskap
utenom prosjektet (tomt)	930 000
1995 bygget	708 799
Samla kostnad for utbygginga kom då på	126 174 880

Me har diverre fått mindre tilskot frå Husbanken enn rekna med i finansieringsplanen. Dette var teke opp i samband med tilleggsfinansieringa i 2015, og delar av den summen skulle nyttast til å dekke opp inntektstapet. Ved ein feil vart budsjettet ikkje korrigert slik at byggeleiar har oppfatta at ramma hans var auka med 2,5 mill. kroner, og ikkje 1.7 mill. kroner. Dette har lagt til grunn for hans bruk av midlar og rapportering. Rekneskapen viser også mindre mva-refusjon enn rekna med. Delar av dette skuldast at me gjorde meir av arbeidet sjølv i staden for å leiga inn konsulent.

	Budsjett	Rekneskap	Avvik
tilskot	-34 900 000	-34 092 000	-808 000
lån	-64 600 000	-66 411 996,17	1 811 996,17
moms	-25 000 000	-24 068 165,5	-931 834,47
Sum	-124 500 000	-124 536 081	

Søknaden til Husbanken hadde ei total kostnadsramme på kr 120.535.689 som er vel 3,9 mill kroner mindre enn budsjettet for prosjektet. Grunnen til dette avviket er at det er gjennomført tiltak som ikkje er omfatta av ordningane i Husbanken men som var inkludert i kommunen sitt budsjett.

7. Skildring av gjennomføring av prosjektet

Bygging av ny sjukeheim har vore krevjande for mange. Mykje har lagt på leiinga og dei tilsette i pleie- og omsorgstenesta, men rådmannen og tilsette i teknisk eining har også vore inne i heile prosessen. I den tidlege fasen var fleire politikarar engasjert i prosjektet.

Arbeidet i pleie- og omsorgstenesta

Arbeidet i gruppa tok for alvor til i 2011 og vart leia av einingsleiar Grete Lill Hjartnes.

Gruppa var sett saman av tilsette med rollar og utdanning som var viktig for det vidare arbeidet. (Gruppa har endra seg litt gjennom prosessen).

Susanne Ulvenes (avd.leiar Sør)/ sjukepleiar

Ingmund Blom (kjøkken)/ kokk

Anne Karin Røsseland (dagsenter)

Solveig Fanebust (leiar reinhald) fagbrev reinhald

Janne Drevsjø (HTV NSF)/ sjukepleiar
Heidi Gjerde(HTV Fagforbundet)/ hjelpepleiar
Odd Agnar Eikås (verneombod) helsefagarbeidar
Grete Lill Hjartnes (plo leiar)/ sjukepleiar
Kristian Jansen (tilsynslege)/ lege
Åse W Tveit (kommunefysioterapaut/ hovedverneombod)/ fysioterapaut

Undervegs har det vore ulike undergrupper. Grupper både for mellombels drift, innreiing og innflytting. Td fekk kokkane sjølve planleggja/innreia det nye institusjonskjøkenet

På slutten vart det mange avgjerder i løpet av kort tid. Mange av desse vart tekne av leiinga saman med byggeleiar og hovudverneombod.

Tips frå Husbanken, nasjonale føringar, besøk på sjukeheim i Sveio og erfaring frå eksisterande drift la grunnlaget for det vidare arbeidet.

Romprogram vart utarbeidd der rom og funksjon vart detaljert omtalt. I tillegg vart det laga nærleiksmatrise som beskriv korleis bygget måtte utformast for å verta mest mogeleg funksjonelt. Td kva rom som må liggja nær kvarandre og kva rom som ikkje krev spesiell plassering. Eit godt arbeid med romprogram og nærleiksmatrise vart grunnlaget for arkitektane sitt vidare arbeid.

Tilsette/brukarar og arkitektar har hatt ulik tilnærming til oppgåva. Dette har vore positivt, men også utfordrande. Det var viktig at sjukeheimen vart både funksjonell og at den såg bra ut.

I tillegg til å byggje nytt har me oppgradert 1995-bygget. Det var viktig å oppgradere denne slik at tilsette/pasientar vart ein del av noko felles og ikkje tilhørte ”gamle” eller ”nye” delen.

God planlegging og bruk av ressursar har gitt eit godt resultat. Tilsette melder attende om ein sjukeheim der det gamle og nye heng godt saman.

I byggjeperioden måtte ein flytte pasientar og drifta ut frå den gamle sjukeheimen. Det var ikkje mogeleg å drifte sjukeheim på Haga i byggjeperioden. 1995-bygget inneheldt berre pasientrom. Dvs at alle andre funksjonar som personaltoalett, garderober, medisinerom, vaskeri, lager mm ikkje var der. I tillegg ville ein få problem med tilkomst for ambulans, vatn og straum.

Etter god planlegging flytta me ut pasientane i oktober 2014. På Vaksdal leigde me ein avdeling med 10 rom og plass til 15 pasientar. På Hamnahaugen gjorde me om omsorgsbustadar til sjukeheim med plass til inntil 12 pasientar.

Mellombels drift har gått over all forventning. Tilsette, pasientar og pårørende har teke utfordringa på ein strålende måte og har trass kummerlege forhold, lang reise til Vaksdal og lite privatliv handtert situasjonen godt. I tillegg har sjukefråværet sjeldan vore lågare i eininga.

For å ivareta alle funksjonane som held til i den gamle sjukeheimen nytta ein andre kommunale bygg og arbeidskyrkja. Psykiatritenesta på Frøland hjå teknisk drift, heimetenesta i adm bygget til Vassloppa barnehage og dagsenter i arbeidskyrkja. Mat fekk me levert frå Storeholmen VTA avd Steinsdalen.

Me tømte den gamle sjukeheimen i oktober 2014 og flytta attende i ny mars/april 2016. Arbeidet med å lage klart mellombels drift, tømme ein sjukeheim frå loft til kjellar samt innflytting i ny sjukeheim har for oss vert det mest krevjande. Mykje av dette har lagt på leiarane og det er ein imponerande jobb og dugnadsinnsats dei og tilsette har gjort. I tillegg har ein fått hjelp av familie, pårørende og frivillige.

Arbeidet direkte på bygget

Samnanger kommune har i liten grad fagfolk på gjennomføring av slike store prosjekt, og er derfor avhengig av hjelp frå konsulentar. Prosjektgruppa såg utfordringane med å gjera seg så avhengige av konsulentar. Sidan det var lite rom både økonomisk og tidsmessig for å takla uventa hendingar, var det viktig å ha ein eigen erfaren byggeleiar. Tor Børresen vart derfor tilsett i kommunen i engasjementstilling som byggeleiar frå 01.01.2015. Han rapporterte direkte til rådmannen. Erfaringane våre tilseier at me skulle ha hatt han på plass minst eit år tidlegare. Me meiner at med betre kompetanse i eigen organisasjon ville me ikkje hatt ein betre sjukeheim, men me ville truleg spart både tid og pengar og hatt mindre frustrasjon.



Når det gjeld konsulenttenester, nytta me ordning med rammeavtale der timeprisar og liknande var avtalt. Me vart i prosessen svært klar over at me heller skulle nytta ein annan type avtale der totalpris var avtala. Dette vart særleg tydeleg då bygginga ikkje vart gjennomført som totalentreprise slik det var tenkt. Arbeidet vart lyst ut som totalentreprise, men det meldte seg diverre ikkje kompetente tilbydarar. Me valde då å gjennomføra prosjektet som generalentreprise der Norconsult fortsette som konsulent med ansvar for prosjekteringa.

Ein del av prosjektet som måtte utgå for å kutte kostnad var tilrettelegging av uteomhusområda. I entreprisen var sjølve grunnarbeidet lagt inn. Det var derfor svært gledeleg då Hagelaget saman med Lions meldte at dei kunne ta ansvar for arbeidet med ferdigstilling. Kommunen heldt materiale, planter m.m. og dei to organisasjonane sto for arbeidet. Dette arbeidet er ikkje heilt slutført.



8. Måloppnåing

Sjukeheimen vart ferdigstilt i tråd med vedtak og innan den tidsfristen som var sett. Kostnaden for kommunen er minimalt høgare enn rekna med, noko som skuldast mindre tilskot/refusjon enn forventa.

Me har fått ein funksjonell og framtidretta sjukeheim både for pasientar, tilsette, pårørende og besøkjande. I tillegg ein arkitektonisk fin sjukeheim.

9. Avsluttande merknader

Samnanger har fått ein funksjonell sjukeheim. Mange har vore involverte i arbeidet. Dei tilsette og leiarane i tenestea har gjort sitt til at byggefasen har gått tilnærma smertefritt. All honnør til dei. Med eit så stort byggeprosjekt gåande over 1 1/2 år er det klart at naboane vil få ulemper som støy, aukande trafikk m.m. Utan unntak har naboane berre vore positive, og det er me takksame for.

I prosjektet har det vore fokus på HMS. Det har vore eit tilfelle der ein arbeiddar måtte på legevakt som fylgje av uhell på arbeidsplassen.

Prosjektgruppa har hatt mange gode diskusjonar. Dei har rost innspela og gitt konstruktive tilbakemeldingar på arbeidsgruppene sine arbeid. Samarbeidet med konsulentane har vore utfordrande. Samarbeidet med entreprenøren har også vore krevjande, men kanskje først og fremst fordi det var manglar i grunnlaget. Med ein erfaren og ryddig byggeleiar har desse manglane ikkje ført til så mykje tilleggskostnader som ein kunne venta.

I vedtaket vart det gitt uttrykk for at ein ønskte at det vart bygd carport for dei kommunale bilane. Dette er ikkje gjennomført, m.a. for å spara midlar og også ut frå ei vurdering om at det var rett å ferdigstille parkeringsplassen på oppsida av fylkesvegen. Det var ikkje inkludert i kostnaden. Grunnen til at overbygd parkering var ønska var situasjonen om vinteren med snø på bilane. Det er lagt fram straum til plassane, og me ser også at utviklinga går mot el-bilar og det er då mogleg å kome til oppvarma, snøfrie bilar også om dei ikkje står under tak.



For ytterlegare informasjon om sjukeheimen vert det vist til faceboksida til Samnangerheimen.

A) Prosjekt Sjukeheim



Kva inngår i dette tiltaket - kostnadsfordeling

Ny sjukeheim med to pasientavdelingar kvar for 8 bebuarar med felles stove og kjøkken. Delar av kostnaden med kjøkken, vaskeri, personalfasilitetar, kontor, rom til pårørende, frisør og uteomhusarbeid.

Reglane frå Husbanken er tilskot pr. plass på maksimalt kr 1.586.750. Det har gitt Samnanger kommune eit samla tilskot på kr 25.388.000. Dette var noko meir enn me hadde rekna med i budsjetteringa, og kompenserte ein god del av bortfallet av forventa tilskot til dagsenteret.

I oppsettet vidare er informasjonen gitt i høve til Husbanken sine oppsett. I dei godkjende søknadane operer me med samla sett mindre utgifter enn det som me la til grunn i finansieringa. Det inneber at det vil vera ein del avvik mellom søknaden sendt Husbanken og rekneskapstala. Me finn det likevel mest praktisk å fylgja denne malen då Husbanken krev slik tilbakemelding for at tilskotet skal betalast ut. I differansen ligg m.a. kostnad med



bygging av lokale/rom til heimetenestene og til psykiatri. Differansen mellom søknad Husbanken og kommune sitt totalbudsjett er som nemnd tidlegare vel 3.9 mill. kroner.

Oppstilling som viser rekneskapen fordelt på delprosjekt sjukeheim.

	Søknad Husbanken	Rekneskap
Huskostnader	56 376 863	56 137 928
- Herav heis	512 444	650.000i)
- Herav garasje	457 276	0 ii)
Utandørs arbeid	10 694 191	10 824 927
Generelle kostnader	13 809 119	16 899 390
Spesielle kostnader	20 231 937	20 130 126
- Herav tomt	0	0
Sum anleggskostnad	101 112 110	103 992 363

- i) Heisa var feilprosjektert (for lita), så denne vart ein del dyrare. Summen her er stipulert, sannsynlegvis er kostnaden noko høgare.
- ii) Denne vart ikkje bygd, då ein såg seg meir tent med å tilrettelegge parkeringsplass. Det er lagt fram straum til parkeringsplassen for tenestebilane



Måloppnåing

Ikkje minst takka vera ein grundig jobb utført av tilsette og leiinga i eininga både i forkant av bygginga og undervegs i prosjekteringa har me fått ein svært funksjonell sjukeheim. Det har sjølvsagt vore ein del innkjøringsproblem av typen tekniske innretningar som ikkje fungerer som dei skal, men desse har latt seg løyse. Me tok mål av oss å få ein sjukeheim, og dette har me fått til med saumlause løysingar mellom 1995-bygget og nybygget.



B) PROSJEKT DAGSENER



I planlegging av ny sjukeheim var ein viktig føresetnad å få gode og romslege lokale som skulle nyttast både som dagsenter for heimebuande og storstove der ein kunne samla alle bebuarane på sjukeheimen gjerne saman med heimebuande.

Dagsenteret består av eit stort rom der det er ein god «kjøkkenkrok», eit rom til ulike aktivitetar, eit kvilerom og toalett og garderobe. I tillegg vil brukarane av dagsenteret også kunne bruke frisør, fysioterapeuttenester og trimrom samt at dei bruker storkjøkkenet gjennom at dei kan kjøpe mat som er laga til der. Når det gjeld uteomhus, er det m.a. laga til ein stor plattning rett utanføre dagsenteret. Parkering tett på sjukeheimen er også viktig for denne brukargruppa då ein del kjem til senteret med eigen bil.



Husbanken har fatta vedtak som vist under:

Vedtak

Husbanken gir med hjemmel i forskrift om investeringstilskudd til omsorgsboliger og sykehjemsplasser fra Husbanken HB 8.A.12 §§ 1 - 3 samt utfyllende retningslinjer HB 8.B.18 §§ 1 - 4 tilsagn om tilskudd på inntil

kr 7 290 000,-

til nytt dagaktivitetstilbud i prosjektet «Samnangerheimen dagsenter».

I dette inngår dagsenter på inngangsplanet, behandlingsrom inkludert venterom i første etasje og deler av storkjøkkenet for å serve dagsenteret. Husbanken har tatt utgangspunkt i en oppgitt gjennomsnittlig m²-kostnad på kr 44 780,- i beregning av tilskuddsutmålingen.

Det gis ikke økt tilskudd selv om investeringskostnadene blir høyere enn det som er oppgitt i søknaden.

Dagsenterdelen var heilt integrert i bygging av ny sjukeheim. Heile prosjektet inngjekk som ein del av hovudentrepise. Der var ein del avklaringar undervegs, m.a. i materialval. Det er lagt stor vekt på å få denne delen av bygget fleksibelt med tanke på bruken og gjera lokala fine. Det var ikkje ekstraordinære utfordringar med dagsenteret, og me har i utarbeiding av byggerekneskapen lagt til grunn same kostnadsbilete som for hovudprosjektet. Utgangspunktet for oppsettet vår i byggerekneskapen er søknaden til Husbanken.



	Søknad Husbanken	Rekneskap
Huskostnader	9 396 144	9 584 067
Utandørs arbeid	1 782 365	1 820 972
Generelle kostnader	2 301 520	2 853 885
Spesielle kostnader	3 371 990	3 304 550
Sum anleggskostander	16 852 019	17 563 474

Me hadde i finansieringsplanen vår lagt til grunn eit vesentleg større tilskot i frå Husbanken enn me fekk innvilga. Me meiner fortsett at me burde fått godkjend areal til fleire funksjonar enn det me fekk. T.d. burde ein del av kostnad med personrom vorte godkjend. Budsjetten har ikkje vorte korrigert for dette avviket, men det er nemnd i budsjettarbeidet for 2015.

Finansieringskjelde	Budsjett	Rekneskap
Lån	4 212 029	6 968 924
Momsrefusjon	3 371 990	3 304 550
Tilskot – Husbanken	9 268.000	7 290 000
Sum	16 852 019	17 563 474

Måloppnåing

Me er svært nøgd med det dagsenteret me har fått. Det har vist seg å vera så funksjonelt som me ønskte. Her kan ein lett samla mange personar utan at det går ut over komforten. Med dette arealet ligg det godt til rette for at dette »eldresenteret» kan verta ein sentral for mange ulike arrangement for eldre i kommunen. Arrangement både i regi av omosrgstenesta i kommunen av type dagsenter, av kulturkontoret i kommunen med ulike type konsertar m.m. , men også arrangement laga til av friviljuge lag og organisasjonar. Me har også ein draum om å gjera det til ein meir uformell møteplass.



Det er plass til mange besøkjande. Her frå opningsdagen

C) 1995-BYGGET – REHABILITERING/OPPRUSTING

Samnangerheimen består av nybygget og 1995-bygget med 15 sjukeheimplassar men elles ikkje andre spesialrom, vaktrom eller personalrom. Det nye bygget måtte lagast slik at det var saumlaust i høve til 1995-bygget. Det var ei stor utfordring, ikkje minst for å imøtekoma krav til universell utforming. Her var det m.a. snakk om nivåskilnader. Me vurderte det slik at ein del av desse kostnadene skulle definerast til 1995-bygget fordi bygget med desse tiltaka fekk ein vesentleg heving av standard – lettare tilgang til felles fasilitetar m.m. Kostnaden med dette er inkludert i hovudentreprise, og dei var ikkje spesifiserte her. Samnanger kommune har i søknad til Husbanken om midlar gitt ein oversikt over kva me meiner høyrer til 1995-bygget. Det galdt m.a. tiltak knytt til samanføyning av bygga, sprinkling og andre brannførebyggjande tiltak, etablering av vaktrom og personalrom. Desse tiltaka er godkjende som grunnlag for å få tilskot frå Husbanken.



1995-bygget er godt over 20 år, og det har ikkje vore føreteke særleg vedlikehald. Tilstanden på bygget vart enda tydelegare etter som nybygget vart ferdigstilt. Kommunestyret løyvde då ekstra midlar kr 875.000 inkl. mva til opprusting. Av rekneskapsmessige omsyn vart ein del av desse ført i drifta og ikkje som investering. Kr 567.039,20 + mva er ført som investering. Tiltaka som er gjort med desse midlane er ikkje inkludert i søknaden til Husbanken, då tiltaka ikkje var omfatta av deira regelverk for kva som kunne gjevast støtte til.



Ut frå analyser om vekst i den eldste delen av befolkninga, vart det konkludert med at ein ikkje skulle ta i bruk 1-posten (6 plassar) i 1995-bygget. Denne avdelinga som ligg i første høgda vart derfor berre i liten grad omfatta av rehabiliteringa.

Vedtak

Delar av prosjektet inngår i hovudprosjektet og vedtak om dette ligg her. Kommunestyret har seinare løyvd ekstra kr 875.000 inkl mva til bestemte tiltak på 1995-bygget. Det er også gitt ekstra midlar til hovudprosjektet. Vedtaket om opprusting av 1995-bygget vart gjort av kommunestyret som del av budsjetthandsaminga i 2015 sak 69/14

Renovering av 95-bygget: total ramme er på kr 875 000 inkl. mva av egne tilsette. Finansiering er næringsfondet og momskompen totalrenoverast, vil utgiftene kome nærare kr 4 mill.

Skildring av gjennomføring av prosjektet.

1995-bygget var i store delar av byggefasen for ny sjukeheim nytta som personalrom for dei som arbeidde på bygget. Rehabiliteringa vart gjennomført heilt på slutten av prosessen. Delar av arbeidet vart gjort som del av ny sjukeheim. Rehabiliteringa vart dels gjort med utgangspunkt i hovudentreprise, dvs. at ein nytta same firma til å gjera arbeid på 1995-bygget.



Vedtak

Husbanken gir med hjemmel i forskrift om investeringstilskudd til omsorgsboliger og sykehjemsplasser fra Husbanken HB 8.A.12 §§ 1 - 3 samt utfyllende retningslinjer HB 8.B.18 §§ 1 - 4 tilsagn om tilskudd på inntil

kr 1 414 000,-

til oppgradering og ombygging av «95-bygget» ved Samnangerheimen. Husbanken gir tilskudd til følgende arbeid med påfølgende kostnader:

- | | |
|--------------------------------------|--------------|
| 1. Nytt sprinkleranlegg i 95 bygget, | kr 810810,- |
| 2. Brannetting, | kr 75000,- |
| 3. Sammenbygging med nybygg | kr 640000,- |
| 4. To ny personalrom | kr 1045750,- |

Investeringskostnadene er i søknaden oppgitt til totalt kr 2 571 560,-. Det gis ikke økt tilskudd selv om investeringskostnadene blir høyere enn oppgitt.

Tiltak – nye tiltak	Husbanken	Rekneskap
Huskostnader	1 957 248	2 264 195
Generelle kostander	100 000	150 000
Mva	514 312	566 049
Sum investeringar med mva	2 571 560	2 980 244

Tiltak som ikkje er omfatta av tilskotet frå Husbanken

I 2. etasjen i 1995-bygget er alle bada renoverte med m.a. nytt sanitærutstyr. Det er lagt golvbelegg på alle golv både på pasientromma og i fellesareala. Alle veggar er mala, det same er garderobeska. Det elektriske anlegget er sett i skikkeleg stand. Utgiftene er fordelt mellom investeringsrekneskapen og driftsrekneskapen.

Tiltak – rehabilitering investering	Rekneskap
Elektrikararbeid	280 926,00
Golv	151 390,00
VVS	119 420,80
Diverse	15 302,40
Sum eks. mva	567 039,20
Betalt mva	141 759,80

Tiltak – rehabilitering drift	Rekneskap
Malararbeid	119 000,00
Riving	3 375,20
Reparasjon av gips	13 157,00
Løn ekstrahjelp	2 755,13
Inntekter frå sal diverse	- 3 312,50
Sum eks mva ført i driftsrekneskapen	134 974,83
Betalt mva	33 883,05

Samla kostnad for rehabilitering inkl mva 877 656,88

Finansieringskjelde	«Nybygg»	Rehabilitering
Lån	850 391	567 039,20
Næringsfond		134 974,83
Momsrefusjon	566 049	175 643,85
Tilskot – Husbanken	1 414 000	
Sum	2 830 440	877 656,88

Måloppnåing

Behovet for opprusting/oppgradering var stipulert til meir enn 4 mill. kroner. Det vart stilt til rådvelde rundt 1 mill. kroner, og med dette som utgangspunkt meiner me at me har fått gjort mykje for pengane, og me er tilfredse med resultatet.

1995-bygget er no ein naturleg del av sjukeheimen, der bebuarar naturleg tar del i aktivitetane i heile bygget.

Avsluttande merknader

Ein av grunnane til at me seier oss nøgd med resultatet til tross for at me fekk mindre ressursar enn ønskja er at den eine avdeling ikkje vart rehabilitert. Skal 1-posten takast i bruk, må det tilsvarende tiltak gjerast her.

Byggeleiar har hatt fokus på kvalitet, økonomi og framdrift. Med stram styring har me oppnådd godt resultat på alle desse faktorane til tross for mange utfordringar under vegs også på 1995-bygget. Faktorar som t.d. manglar i anbudsdokumentet om himling og maling av denne.





Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 033
Arkivnr: 2016/14-10
Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	5/17	13.02.2017

Møteplan for kontrollutvalet i Samnanger kommune 2017

Bakgrunn

Møtedatoar for kontrollutvalet bør vera tilpassa møtetidspunkt for formannskap og kommunestyret, slik at det let seg gjera å senda over saker som evt. skal handsamast vidare. Det vert gjort framlegg om at kontrollutvalet set opp møteplan for heile året 2017, slik dei andre politiske utvala har gjort.

Det er særleg møtet der uttale til kommunen sin rekneskap for 2016 skal opp til handsaming, som er viktig å tilpassa til formannskap og kommunestyre. Samnanger kommune legg opp til å handsame rekneskap og årsmelding i formannskapet 01.06.17, og vidare til kommunestyret 15.06.17. For mellom anna å tilpasse seg denne saka, vert det sett opp slikt utkast til møteplan for kontrollutvalet for 2017:

Utkast til møteplan for KUV	Aktuelle saker å ta opp:	Aktuelle møter, dersom saker skal vidare til:	
		Formannskapet	Kommunestyret
13.02.2017	Første møte 2017 – planlegging av arbeid i 2017		16.03.2017
08.05.2017	- Uttale til kommunerekneskapen - Rapport etter vurdering av konsesjonssak - Planlegge prosjekt ut frå plan forvaltningsrevisjon	01.06.2017	15.06.2017
25.09.2017	- Forslag til budsjett 2018 for kontrollutvalet - Bestille prosjekt for forvaltningsrevisjon		
30.10..2017			16.11.2017
04.12.2017			13.12.2017

Forslag til innstilling/vedtak

Kontrollutvalet legg opp til denne møteaktiviteten i 2017:

Dato:	Merknad:
13.02.2017	Under avvikling
08.05.2017	
25.09.2017	
30.10.2017	
04.12.2017	

Møtedatoane vert å senda over til kommunen for å bli lagt inn i møteplan / møteoversyn på heimesida til Samnanger kommune.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 085
Arkivnr: 2014/426-16
Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	6/17	13.02.2017

Kurs i regi av Deloitte 2017

Bakgrunn

Samnanger kommune valde Deloitte som revisor med verknad frå 01.07.2016. I kontrakten som er inngått går dette fram av vedlegg A, pkt 3.3 om Opplæring:

«REVISOR skal leggje fram for kontrollutvalet forslag om, og halde kurs for utvalet sine medlemmar, politisk nivå og/eller for medarbeidarar i administrasjonen. Tema skal avtalast med kontrollutvalet ved det einskilde høve. Omfang skal reknast til 1 kursdag pr. år. Slike kurs skal som ein hovudregel haldast i kommunen.»

I tilbudet frå Deloitte vedlegg D går det også fram m.a. dette om opplæring og kompetanseoverføring:

«Som det går fram av kravspesifikasjonen, ønskjer kommunen at valt leverandør skal legge fram forslag om, og halde kurs for kontrollutvalet sine medlemmar eller medarbeidarar i administrasjonen, i omfang 1 kursdag per år. Deloitte vil levere kurs til kontrollutval og/eller administrasjonen i kommunen i samsvar med dette kravet.

Deloitte har fleire forslag til kurs som vi kan leggje fram for kontrollutvalet og administrasjonen. Mellom anna kan vi gjennomføre kurs i kommunal eigenkontroll. Vi har god erfaring med å gjennomføre kurs og seminar om kommunal eigenkontroll og samhandling mellom ulike aktørar i kommunen. Tilbydde ressursar har hatt slike kurs mellom anna for samlingar av kontrollutvalsmedlemmer frå kommunar og fylkeskommunar, som enkeltvise kurs for kontrollutval vi er revisor for, for kommunestyret, og for kontrollutvalet til Sametinget. Agendaen på desse kursa og konferansane har vore nært knytt opp mot område som er omhandla i Kontrollutvalsboka, og til spesifikke forhold som har vore relevant for deltakarane.»

Drøfting

Deloitte har no levert forslag til aktuelle kurs som kan vera aktuelle å halde for kontrollutvalet og/eller administrasjonen eller kommunestyret i Samnanger kommune. Oversikten ligg ved. Det normale til no har vore at kursa har hatt ein varighet på ca. 2 timar og har vore halde i samband med eit kontrollutvalsmøte.

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet diskuterer kva kurs dei vil at Deloitte skal gjennomføre utover i 2017. Vidare bør utvalet be sekretariatet ta seg av alt det praktiske med organisering, kunngjering og avvikling av kursa, gjerne i samarbeid med kommuneadministrasjonen

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at Deloitte gjennomfører kurs innan (dato)
2. Kontrollutvalet ber om at Deloitte gjennomfører kurs innan (dato)
3. Sekretariatet vert beden om å ta seg av det praktiske med organisering og avvikling av kursa, gjerne i samarbeid med kommuneadministrasjonen.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg:

- Oversikt over kurs i regi av Deloitte

Kva kurs kan Deloitte tilby?

Lista over kurs er ikkje uttømmende.

Nivået på kvart einskild kurs kan tilpassast kursdeltakarane.



Oversikt over kva kurs Deloitte kan tilby

- Samfunnsansvar og antikorrupsjon
 - Gi ei innføring i relevante lover, krav og konsekvensar. Gi praktiske døme og underbygge viktigheita av eit tilstrekkeleg antikorrupsjonsprogram.
- Lov om offentlige anskaffelser
 - Innføring i endringar i regelverket
- Meirverdiavgift og meirverdiavgiftskompensasjon
 - Innføring i kompensasjonsordninga
 - Praktiske døme
- Habilitet
 - Kurset vil gi ei innføring i regelverk knytt til habilitet, korleis desse vurderingane kan gjerast og korleis kommunen kan etablere gode rutinar for å sikre at tilsette ikkje handsamar saker der dei er inhabile.
- Kontrakts- og leverandøroppfølging
 - Kurset gir ei innføring i korleis ein kan etablere gode system og rutinar for å følgje opp at leverandørar leverer tenester i samsvar med avtale. Fokus vil vere på ivaretaking av oppdragsgjevar sitt omdømme, samfunnsansvar, kvalitet i leveransane og oppfølging av kontrakt.

Oversikt over kva kurs Deloitte kan tilby

- Ny kommunelov (ikkje aktuelt før ny kommunelov føreligg)
 - Kva er dei viktigaste endringane frå tidlegare lov?
- Utvalde tema knytt til forvaltningsrevisjon og selskapskontroll basert på mellom anna kontrollutvalsboka
 - Kva er forvaltningsrevisjon og/eller selskapskontroll?
 - Korleis føreta ei god bestilling?
 - Korleis følgje opp ein gjennomført revisjon?
 - M.v.
- Innføring i kommunerekneskap
 - Grunnleggjande innføring i kommunerekneskap
- Avstemming av rekneskapen
 - Kva bør ei avstemming innehalde?
 - Kor ofte bør avstemmingar utarbeidast?
 - Kva avstemmingar skal utarbeidast?
 - Kva regelverk gjeld på området?

Oversikt over kva kurs Deloitte kan tilby

- Pensjon
 - Pensjon er eit komplisert område. Kurset omhandlar gjeldande regelverk på området og praktiske døme.
- Innberetting av lønn
 - Kva ytingar er arbeidsgjevaravgiftspliktige og kva ytingar er oppgåvepliktige?
- Skiljet mellom driftsrekneskap og investeringsrekneskap
 - Kva skal bokførast i driftsrekneskapen?
 - Kva kriterium skal vere oppfylt for bokføring i investeringsrekneskapen?
- Andre rekneskapsmessige problemstillingar
 - Tilpassa den einkilde kommune



Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited, a UK private company limited by guarantee, and its network of member firms, each of which is a legally separate and independent entity. Please see www.deloitte.no for a detailed description of the legal structure of Deloitte Touche Tohmatsu Limited and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

This communication contains general information only, and neither Deloitte AS nor Deloitte Advokatfirma AS is, by means of this publication, rendering professional advice or services and shall not be responsible for any loss whatsoever sustained by any person who relies on this communication.



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 146
Arkivnr: 2016/81-5
Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	7/17	13.02.2017

Årsmelding for kontrollutvalet i Samnanger kommune for 2016

Bakgrunn

Sekretariatet har utarbeidd forslag til årsmelding for kontrollutvalet for 2016. Årsmeldinga skal gje eit oversyn over kva utvalet har arbeidd med i året som gjekk.

Føremålet med årsmeldinga skal og vera å melda tilbake til kommunestyret, som er kontrollutvalet sin oppdragsgjevar, resultatata av utvalet sitt arbeid. Årsmeldinga peikar både på handsaming av saker som er slutført frå kontrollutvalet si side, og på kva som må følgjast opp vidare framover.

Konklusjon:

Årsmeldinga frå kontrollutvalet må reknast som ein del av den lovpålagte rapporteringa frå utvalet til kommunestyret. Sekretariatet meiner difor at det vil vera rett at kommunestyret godkjenner årsmeldinga i eiga sak.

Forslag til innstilling

Kommunestyret godkjenner årsmelding for kontrollutvalet for 2016

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

1 Årsmelding 2016 for kontrollutvalet i Samnanger kommune



Samnanger kommune

Kontrollutvalet

ÅRSMELDING 2016

FOR KONTROLLUTVALET I

SAMNANGER KOMMUNE



1 **Føremål og oppgaver for kontrollutvalet**

I reglement for kontrollutvalet, som vart vedteke i kommunestyret 25.09.13, saman med reglement for dei andre politiske utvala i kommunen, står det om føremål og oppgaver:

«Hovudføremålet til kontrollutvalet er å medverka til at det er ålmenn tillit til at kommunen sine oppgaver vert løyst på best mogleg måte og i samsvar med gjeldande lover og forskrifter. Kontrollutvalet kan i prinsippet ta opp alle tilhøve ved kommunen si verksemd, så lenge det kan definerast som kontroll og tilsyn. Kontrollutvalet kan hos kommuneadministrasjonen, utan hinder av teieplikt, krevja alle opplysningar, utgreiingar eller alle dokument og gjera undersøkingar som det finn naudsynt for å gjennomføra oppgåvene.»

Kontrollutvalet har som oppgave å føre tilsyn med den kommunale forvaltninga, på kommunestyret sine vegne. Kontrollutvalet skal og sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Oppgåvene til utvalet omfattar alt innanfor tilsyn og kontroll, både rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. I «Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar» finn ein kva som er oppgåvene til kontrollutvalet.

2 **Samansetjing av kontrollutvalet**

Kontrollutvalet for perioden 2015 - 2019 er slik samansett:

Medlemmer:

Bright Olav Gåsadal (Ap) – leiar
Vibeke Bohre Våge (H) - medlem

Vararepresentant for Ap, H, Krf og Mdg:

1. Gisle Gardar Øye (H)
2. Shirin Kvernes Kadoor (Ap)
3. Bjarne Hauge (Krf)

Anne Tandstad (Sp) – nestleiar
Øystein Foss (Bl) - medlem
Svein Verner Røseth (Frp) medlem

Vararepresentant for Bl, Frp og Sp:

1. Evelyn Frøland (Bl)
2. Roy Ove Eikedal (Sp)
3. Tor Henning Grønlien (Bl)
4. Marion Langhelle Pedersen (Frp)

I følgje lova skal minst ein av medlemmane i kontrollutvalet vera medlem av kommunestyret. Bright Olav Gåsadal er kommunestyremedlem.

3 **Om verksemda til kontrollutvalet i 2016**

- Kontrollutvalet hadde 4 ordinære møter i 2016, og handsama 49 saker.
- Kontrollutvalet har opne møter.
- Ordførar har møterett i kontrollutvalet og har møtt på dei fleste møta.
- Rådmann og andre tilsette i kommunen har møtt for å orientera til kontrollutvalet, når dei har vorte innkalla.
- Revisjonen har og møtt på møta i kontrollutvalet.
- Kontrollutvalet har fått tilgang til den informasjonen det vart bede om.

4 **Sekretariatsordninga**

I kommunelova § 77 pk.10 står det at kommunestyret skal sørgja for sekretærbistand til kontrollutvalet. Sekretærfunksjonen kan ikkje leggest til kommunen sin administrasjon.

Forskrift om kontrollutval § 20 seier at kommunestyret skal sørgja for at kontrollutvalet har sekretariatsteneste som tilfredsstillar utvalet sitt behov. Sekretariatet skal til ei kvar tid yte kontrollutvalet den bistand som kontrollutvalet har trong for.

Sekretariat for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune utfører sekretariatstenesta for kontrollutvalet i Samnanger kommune. Kari Nygard har vore sekretær på alle møta.

Sekretariat for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune er også sekretariat for kontrollutvalet i fylkeskommunen, samt kontrollutvala i desse kommunane: Samnanger, Stord, Kvinnherad, Bømlo, Tysnes, Ulvik, Eidfjord, Kvam, Ullensvang, Odda, Voss, Fusa, Øygarden, Sund, og Fitjar.

5 **Revisjonstenesta**

Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret ha tilsyn med den kommunale forvaltninga. Utvalet må halda seg orientert om kva saker revisjonen arbeider med, og føra tilsyn med at revisjonsarbeidet er å jour og føregår i samsvar med forskrift og vedtak.

Deloitte AS er revisor for Tysnes kommune. Tidlegare revisjonsavtale var gjeldande fram til og med 30.06.2016. Det vart gjennomført konkurranse og innhenting av tilbod på revisjonstenester for ny periode våren 2016. Etter anbodskonkurransen gjorde kommunestyret, etter tilråding frå kontrollutvalet, slikt vedtak i møte 12.05.2016.:

«Kommunestyret i Samnanger kommune vel Deloitte AS som revisor frå 01.07.2016 til 30.06.2020.

Deloitte har lagt fram revisjonsmelding, slik kravet er, samt rapportar og annan informasjon om revisjonen sitt arbeid.

På grunnlag av revisjonen sine rapportar, rekneskapsplan og annan informasjon, har utvalet ført tilsyn med at forvaltninga er i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og vedtak. Utvalet skal vidare i samarbeid med revisjonen gjennomføra ei systematisk vurdering av bruk og forvaltning av dei kommunale midlar, med utgangspunkt i oppgåver, ressursbruk og oppnådde resultat (forvaltningsrevisjon).

Til dagleg er det den valde revisor som utfører tilsynet og kontrollen mot kommunen, men kontrollutvalet har eit eige ansvar med å sjå til at arbeidet vert tilfredstillande utført. Kommunelova stiller krav om at utvalet sjølv må visa ei aktiv haldning. For å få utført det arbeid utvalet er pålagt, er ein avhengig av god kommunikasjon med kommunestyret, administrasjonen i kommunen og revisor. Samarbeidet har vore godt med dei aktuelle aktørar. Ansvarleg revisor har vore partner i Deloitte Bjarne Ryland, som i tråd med regleverket har lagt eigenvurdering for at Deloitte er uavhengig i høve til Samnanger kommune, fram for kontrollutvalet. Unni Renate Moe hjå Deloitte har vore utøvande rekneskapsrevisor, og er den som har møtt i slike saker i kontrollutvalet.

6 **Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)**

FKT er ein landsomfattande organisasjon som har som oppgåve å vera møte- og kompetanseplass for kontrollutvala og deira sekretariat. Kontrollutvalet i Samnanger kommune er medlem i FKT.

7 **Opplæring**

Dei fleste medlemmane i det nye kontrollutvalet deltok på folkevaldopplæring for kontrollutvala i Hordaland, som vart gjennomført på Solstrand i januar 2016.

Avtalen med revisor innheld og avtale om å gjennomføra diverse kurs i løpet av året, inntil 1 kursdag pr. år. Kontrollutvalet har fått korte kurs-sekvensar innan følgjande områder:

- Kommunerekneskap, samfunnsansvar, korrupsjon og habilitet.
- Kursa er gjennomført i samband med kontrollutvalsmøter i løpet av 2016.

8 **Samnanger kommune si heimeside og bruk av elektronisk møteinnkalling.**

Informasjon om kontrollutvalet på heimesida er lagt til rette på ein god måte. Kontrollutvalet har i løpet av 2016 hatt oppe til drøfting korleis informasjon som særleg gjeld kontrollutvalet kan tilretteleggast på ein god måte. Dette er følgd opp på ein god måte av administrasjonen, og innkallingar og møteprotokollar frå møta er lett tilgjengeleg på heimesida.

Kommunestyret, alle hovudutval, og også kontrollutvalet brukar lese Brett på møta og får elektronisk innkalling. For å nytta denne arbeidsmåten i politiske utval er det lagt godt til rette både med opplæring og tilrettelegging på heimesida.

9 **Arbeid med forvaltningsrevisjon.**

Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2020

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 10 om Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon lyd slik:

"Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegeres til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.

Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter."

Deloitte AS har i 2016, på bestilling frå kontrollutvalet, leia arbeidet med analyse og plan for forvaltningsrevisjon i Samnanger kommune. I analysearbeidet vart både administrativ og politisk leining involvert. Vidare vart kontrollutvalet i sterk grad involvert, m.a. i 2 prosessmøte, som til slutt enda opp i at utvalet laga innstilling til kommunestyret på plan for forvaltningsrevisjon for 2016 – 2020. Planen vart vedteken i kommunestyremøte 15.12.2016.

9.1 Gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjekt

Forvaltningsrevisjon er eit verktøy som kommunestyret og kontrollutvalet skal nytta for å sikre at kommunen på best mogleg måte tek omsyn til innbyggjarane sine behov og rettar.. Forvaltningsrevisjon er ein av dei pålagde oppgåvene til kontrollutvalet. I forskrift for kontrollutval står det at «*Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens virksomhet årlig blir gjenstand for forvaltningsrevisjon.*»

I 2014 vart det vedteke å gjennomføra forvaltningsrevisjon om «Internkontroll i Samnanger kommune». Arbeid med gjennomføring av forvaltningsrevisjonen vart utført på slutten av 2014 og første halvår 2015. Rapport etter arbeidet vart lagt fram for kommunestyret i møte 14.10.15. Det vart gjort slikt vedtak:

«Kommunestyret merkar seg det som kjem fram i rapport etter forvaltningsrevisjon av internkontroll i Samnanger kommune.

Kommunestyret ber rådmann syta for å:

- 1. Arbeide vidare med å sikre at internkontrollarbeidet har eit sterkt fokus i kommuneorganisasjonen.*
- 2. Sikre at tilrådingar som er gjeve i rapporten kapittel 6, knytt til overordna internkontroll, vert gjennomført.*
- 3. Sikre at tilrådingar som er gjeve i rapporten kapittel 6, knytt til internkontroll i støtteprosessar, vert gjennomført.*
- 4. Sikre at tilrådingar som er gjeve i rapporten kapittel 6, knytt til tenestepesifikk internkontroll, vert gjennomført. Kommunestyret vil at arbeid med å etablere lovpålagt internkontrollsystem i barnevernstenesta, slik det er krav om etter barnevernlova, vert prioritert.*
- 5. Sikre at tilsette får systematisk opplæring og støtte i bruk av internkontrollsystem, og at det vert etablert rutinar for leiinga sin gjennomgang av internkontrollsystemet.*
- 6. Lage ein handlingsplan innan 01.02.2016 til kommunestyret, med kopi til kontrollutvalet, som syner kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltak skal setjast i verk og kven som skal ha ansvar for iverksetjinga.»*

Kontrollutvalet fekk i møte 23.02.16 informasjon om arbeid med oppfølging av dei punkta som var påpeika etter forvaltningsrevisjonen. Rådmann la fram informasjonsnotat, både for kontrollutvalet og kommunestyret om oppfølgingsarbeidet. I notatet vert det gjort greie for korleis tiltaka er tenkt følgd opp. Nokre av tiltaka skulle gjennomførast i første halvår 2016, andre vart planlagt gjennomført i andre halvår 2016. Kontrollutvalet gjorde i møte 23.02.16 vedtak om å følgje opp og etterspørje informasjon om arbeid med å utbetra internkontrollen. Det er bede om ny orienteringssak i første møte i 2017.

9.2 Andre saker som kontrollutvalet har arbeidd med

I juni 2016 kom det henvending til kontrollutvalet frå grunneigarar i Aldalselva kraftverk om å sjå på handsaming av anke som var sendt inn i høve konsesjonsvedtak for Aldalselva kraftverk.

Saka vart først teke opp i kontrollutvalsmøte 15.09.16, og kontrollutvalet gjennomgjekk dei dokument som var oversende i saka. Ordførar var med under handsaminga og opplyste mellom anna om at saka ville bli teke opp til handsaming på nytt i kommunestyremøte

29.09.16. Etter drøfting vart det så konkludert med, og gjort vedtak om, at saka vart utsett og vert å ta opp til ny handsaming i kontrollutvalet sitt neste møte.

Kontrollutvalet handsama saka på nytt i møte 14.11.16. I møteprotokollen står følgjande:

«Utvalseiar gjekk gjennom saka og trekte fram dei moment som kontrollutvalet bør vurdere å få ein gjennomgang på. Det er særleg to spørsmål som bør få ein gjennomgang og utgreiast:

- *Er regelverket for habilitet følgt ?*
- *Er regelverk for sakshandsaming og delegasjon følgt ?*

Konklusjon etter drøfting vart at kontrollutvalet vil be Deloitte gjennomgå saka og leggja fram eit notat etter sin vurdering av spørsmålstillingane som er reist. Notatet med rapport etter gjennomgangen av saka skal leggjast fram for kontrollutvalet i første møte i 2017, og så sendast vidare til kommunestyret.»

Det vart fatta slikt vedtak:

1. «Kontrollutvalet ber om at Deloitte gjennomgår sak om «Klage på handsaming av sak om konsesjonsvedtak», ut frå dei spørsmålstillingar som er reist av kontrollutvalet.
2. Deloitte vert beden om å utarbeida ei prosjektskildring som viser spørsmålstillingane som skal gjennomgåast og ressursbruk til arbeidet. Rapport etter arbeidet skal leggjast fram for kontrollutvalet i første møte i 2017.
3. Utvalseiar i samråd med sekretariat får fullmakt til å godkjenne prosjektplan.»

Deloitte er nå i ferd med å gjennomgå saka. Rapport etter arbeidet vil bli lagt fram på eit av dei første møta i kontrollutvalet i 2017, og deretter vidaresendt til kommunestyret

10 **Arbeid med selskapskontroll**

Plan for selskapskontroll for perioden 2016 - 2020

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 13 Selskapskontroll lyd slik:

”Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskap m.m. Kontrollutvalget skal minst èn gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens eierskap ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for selskapskontroll på de ulike sektorer og med de ulike selskapene. Planen skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegere til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden. Kontrollutvalget avgjør selv hvem som på dets veggen skal gjennomføre selskapskontroll.”

Deloitte AS har i 2016, på bestilling frå kontrollutvalet, leia arbeidet med analyse og plan for selskapskontroll i Samnanger kommune. I analysearbeidet vart både administrativ og politisk leiing involvert. Vidare vart kontrollutvalet i sterk grad involvert, m.a. i 2 prosessmøter, som til slutt enda opp i at utvalet laga innstilling til kommunestyret på plan for selskapskontroll for 2016 – 2020. Planen vart vedteken i tråd med innstillinga i kommunestyremøte 15.12.2016.

10.1 **Gjennomføring av selskapskontrollar, oppfølgingsarbeid og bedriftsbesøk**

Det er ikkje gjennomført selskapskontroll eller bedriftsbesøk i 2016 i nokon av dei selskap som kommunen har eigarskap i.

11 **Arbeid med rekneskapsrevisjon. Den økonomiske situasjonen i Samnanger kommune.**

Kontrollutvalet sin uttale om Samnanger kommune sin årsrekneskap for 2015 hadde bl.a. med desse opplysningane:

- driftsrekneskapen viser kr 153.356.763 til fordeling drift, og
- eit rekneskapsmessig meirforbruk på kr. 982.363.
- negativt netto driftsresultat var på kr 797.448.

Rådmannen skreiv m.a. slik i si årsmelding:

«Kommunen sin økonomi er vanskeleg. Først og fremt skuldast det at inntektene våre frå kraftproduksjonen svikter. Inntektene frå sal av konsesjonskraft har stupt frå 6,3 mill. kroner i 2010 til 1,5 mill. kroner i 2015. Det er dramatisk for ein kommune som er så avhengige av desse midlane i den ordinære drifta. I planlegginga vår må me nok legge til grunn at inntektene i 2015 vil vera det «normale»».

Rådmann skriv mellom anna vidare:

«Den økonomiske situasjonen i Samnanger kommune er krevjande. Samanlikna med andre brukar me fleire kroner stort sett på alle områda, og det bør derfor vera all grunn til å gjennomføra innsparingar utan at det fører til uforsvarlege tenester.»

Oppsummering / tilrådingar frå kontrollutvalet vedr. årsrekneskap og årsmelding for 2015:

- Kontrollutvalet merkar seg at det økonomiske driftsresultatet for 2015 er svakt, og ligg under både gjennomsnittet i landet og TBU sine anbefalingar.
- Kontrollutvalet vil presisera at tilrådingar frå revisor i revisjonsrapport nr. 6 må følgjast opp. Det vert peika på at det vil vera særleg viktig å prioriterer arbeidet med å utarbeide skriftlege rutinar i 2016.
- Kontrollutvalet merkar seg og at nivået på lånegjeld i 2015 er svært høgt, og at disposisjonsfondet er svært svakt.
- Årsmeldinga for 2015 gjev ei god skildring av drifta av kommunen i året som gjekk.
- Kontrollutvalet vil tilrå at kommunestyret prioriterer å styrka disposisjonsfondet.

12 **Skattoppkrevjarfunksjonen.**

Kontrollutvalet har og hatt kommunen sitt skatterekneskap, årsmeldinga frå skatteoppkrevjar og kontrollrapport frå Skatteetaten for 2015 til handsaming.

Kontrollrapporten frå Skatteetaten konkluderer med at skatteoppkrevjarfunksjonen i Samnanger kommune totalt sett for 2015, i det alt vesentlige vert utført på ein tilfredsstillande måte, og i samsvar med gjeldande regelverk.

13 **Tilsyn frå Fylkesmannen**

Når Fylkesmannen, eller andre statlege organ, gjennomfører tilsyn i kommunane, vert det utarbeida rapport etter tilsynet. I rapportar etter slik gjennomgang av tenesteområde, gjev Fylkesmannen, og andre, tilråding, melding eller pålegg til kommunen om kva som bør følgjast opp innanfor saksfeltet. Når påpeikingane er følgd opp / utført på ein tilfredsstillande måte, sender Fylkesmannen melding om at tilsynssaka er avslutta. Kontrollutvalet ser det som ei av sine oppgåver å følgja med i slike tilsynssaker.

Kontrollutvalet har fått orientering om følgjande tilsyn i Samnanger kommune i 2016:

- Tilsyn med NAV Samnanger, frå Fylkesmannen (gjennomført i 2015)
- Tilsyn med Samnanger kommune – sentraladministrasjon, frå Arbeidstilsynet
- Tilsyn med barnevern-, helsestasjons- og skulehelsetenesta og psykisk helse, frå Helsetilsynet
- Tilsyn med samfunnstryggleik og beredskapsarbeid, frå Fylkesmannen

14 **Andre saker / orienteringssakene i kontrollutvalet i 2015:**

- Søknad om ekstraløyving med bakgrunn i konsekvensar for dei budsjett-rammene kommunestyret sette for kontroll- og tilsynsarbeid
- Framlegg om budsjett for kontrollutvalet sitt ansvarsområde i 2017, og
- Budsjettstatus for KUV-budsjett undervegs i 2016
- Tertialrapportar for kommunerekneskapen og finansforvaltning
- Budsjettbrev frå Fylkesmannen for Samnanger kommune
- Orienteringssak om sak vedr. «Tilbod på økonomisk analyse om ressursbruk i Samnanger kommune».
- Kontrollutvalet oppmoda guppa som arbeider med nytt delegasjonsreglement for Samnanger kommune om å sjå på bruk av hasteparagrafen § 13 i Kommunelova.
- Orientering om utbyggingsprosjekt i kommunen og rutinar for prosjektrekneskap
- Orienteringssak om reguleringsplan for Bjørkheim
- Orienteringssak om bruk av kaien i Rolvsvåg
- Utvalet har og som faste punkt på saklista - gjennomgang av møteprotokollar frå kommunestyret, formannskapet og hovudutvala.

15 **Vurdering av evalueringsarbeid frå kontrollutvalet i forrige valperioden.**

Kontrollutvalet har som målsetjing å følgja opp nokre av punkta som kom fram ved oppsummering etter evaluering av kontrollutvalsarbeidet i forrige valperiode. Dei viktigaste punkta til oppfølging er:

- Viktig med god opplæring, gjerne spreidd utover året. Opplæring i forståing av roller, oppgåver og ansvar både for KUV og KST.
- Ønskjer å vidareføra at nokre møter vert planlagt utanfor kommunehuset.

Samnanger 13.02.2017

Brigt Olav Gåsdal
Leiar i kontrollutvalet

PS 8/17 Referatsaker



Til Kontrollutvalet

UTVALET SITT KVARTER:

Kontrollutvalet ønskjer å ha «utvalet sitt kvarter» som fast post på saklista i sine møter. Dersom det vert teke opp saker som krev nærmare undersøking / innhenting av opplysningar, ber ein om at saka vert meldt inn på førehand til styreleiar og sekretariatet. Ellers kan medlemmane som tek opp saker be om at spørsmålet som vert reist vert undersøkt nærmare til neste møte.

Følgjande spørsmål / saker vart reist i dette møtet:

SAKNR. 098/16

**PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON FOR PERIODEN 2016 - 2020 SAMNANGER
KOMMUNE**

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

1. Framlegg til plan for forvaltningsrevisjon for 2016 – 2020 vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen erstattar tilsvarande plan for perioden 2012 – 2016.
3. Planen gjeld for resten av valperioden, 2015 – 2019, og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2020.
4. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet med å føreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafør dei utvalde områda i planen.
5. Planen skal reviderast og evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne revisjonen og evalueringa.
6. Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av forvaltningsrevisjonar til kommunestyret minst ein gong kvart år. Viktige revisjonsrapportar skal leggjast fram for kommunestyret etter kvart.

15.12.2016 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Leiar i kontrollutvalet, **Brigt Olav Gåsdal (A)**, orienterte kommunestyret om kontrollutvalet sitt arbeid i saka.

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS-098/16 VEDTAK:

1. Framlegg til plan for forvaltningsrevisjon for 2016-2020 vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen erstattar tilsvarande plan for perioden 2012-2016.
3. Planen gjeld for resten av valperioden, 2015-2019, og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2020.
4. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet med å føreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innanfor dei utvalde områda i planen.
5. Planen skal reviderast og evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne revisjonen og evalueringa.
6. Kontrollutvalet skal rapportere resultatet for forvaltningsrevisjonar til kommunestyret minst ein gong kvart år. Viktige revisjonsrapportar skal leggjast fram for kommunestyret etter kvart.

SAKNR. 094/16

PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL FOR PERIODEN 2016-2020

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

1. Framlegg til plan for selskapskontroll vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen erstattar tilsvarende plan for perioden 2012 – 2016.
3. Planen gjeld for resten av valperioden, 2015 – 2019, og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2020.
4. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera endringar og omprioriteringar i planen. Kontrollutvalet vil rapportere til kommunestyret om kva kontrollar som er gjennomførte og resultatane av desse.
5. Planen skal reviderast og evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne "revisjonen" og evalueringa.
6. Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av selskapskontrollar til kommunestyret minst ein gong kvart år. Viktige revisjonsrapportar skal leggjast fram for kommunestyret etter kvart.

15.12.2016 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Øyvind Strømmen (MDG) stilte spørsmål om sin gildskap, då han sit som styremedlem i Hardanger AKS. Han gjekk ifrå medan dei andre kommunestyrerepresentantane tok stilling til dette. Han vart samrøystes funne ugild i saka, og deltok difor ikkje i den vidare handsaminga.

Leiar i kontrollutvalet, **Brigt Olav Gåsdal (A)**, orienterte kommunestyret om kontrollutvalet sitt arbeid i saka.

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS-094/16 VEDTAK:

1. Framlegg til plan for selskapskontroll vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen erstattar tilsvarende plan for perioden 2012-2016.
3. Planen gjeld for resten av valperioden, 2015-2019, og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2020.
4. Kommunestyret delegerer myndet til kontrollutvalet til å gjera endringar og omprioriteringar i planen. Kontrollutvalet vil rapportere til kommunestyret om kva kontrollar som er gjennomførte og resultatane av desse.
5. Planen skal revurderast og evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne «revisjonen» og evalueringa.
6. Kontrollutvalet skal rapportere resultat av selskapskontrollar til kommunestyret minst ein gong kvart år. Viktige revisjonsrapportar skal leggjast fram for kommunestyret etter kvart.

SAK 100/16 ØKONOMIPLAN 2017 - 2020

KS-100/16 VEDTAK:

Rådmannen sitt framlegg til økonomiplan for 2017 - 2020 vert vedteke slik den ligg føre med vedlegg budsjett skjema 1a, 2a, 1 b drift, hovudoversikt drift, hovudoversikt investering og detaljar investering med følgjande endringar;

- Me ønskjer at det vert lagt betre til rette for ein meir optimal bruk av bassenget for elevane, og ber om at opningstidene for bassenget vert tilpassa det. For å dekke auka skyssutgifter vert det stilt til rådvelde inntil kr. 20.000,-. Finansiering dispensasjonsfondet.
- Det vert sett av inntil kr. 50.000,- til elektrisk døropnar på Helsetunet. Finansiering dispensasjonsfondet.
- Kostnaden med auka godtgjersle til folkevalde vert dekt med bruk av midlar avsett til tilleggsøyving konto nr 1.4901.5200.1800.
- Kontrollutvalet får kr. 80.000,- ekstra til forvaltningskontroll i 2017. Midlane vert teke frå dispensasjonsfondet.
- For å imøtekoma ynskje frå kyrkja om å utvida stillinga for kyrkjeverje vert ramma til kyrkja utvida med kr. 75.000,-. Midlane vert henta frå dispensasjonsfondet.
- Flyttinga av biblioteket til Bjørkheim går som planlagt.
- Det vert sett av kr. 100.000 til økonomistyringsgruppa sitt arbeidet, med finansiering frå disposisjonsfondet.
- Kommunestyret ber om jamleg rapportering på økonomi, sjukefråver, plassering på kommunebarometeret og på oppfølging av kommunen sine klimamål, jf. kommunen sin klimaplan av 2010. Økonomistyringsgruppa skal arbeida vidare med å identifisera målsetjingar på ulike område, og koma med framlegg om slike til kommunestyret.
- Eksisterande strukturløysingar for skule og barnehage skal forsetja som no, og arbeidet med alternativ strukturløysingar skal avsluttast. Konkrete forslag til innsparingar med meir optimal bruk av bygningsmassane skal presenterast for økonomistyringsgruppa.
- First-responder skal ikkje avviklast i 2019.
- Medlemskap i Vestnorsk Brusselkontor skal avviklast og kr. 10.000,- vert sett inn på næringsfond.
- Kommunestyret i Samnanger rosar eit samla bystyre i Bergen for deira initiativ for støtte til Flyktninghjelpen i lys av situasjonen i Syria, og merker seg ordførar i Bergen, Marte Mjøs Persen, si oppmoding til andre kommunar. Samnanger kommune følgjer oppmodinga og løyver 10.000 kroner i støtte til Flyktninghjelpen. Avsetjing til disposisjonsfondet vert redusert tilsvarende.
- Kommunestyret understreka viktigheita av klimaarbeid, og ber om at ein gjennomgang av status på tiltaka i klimaplanen vert lagt fram for kommunestyret i løp av vårhalvåret 2017.
- Samnanger kommune vil styrka det strategiske arbeidet på klima, ved å integrera klimabudsjett i budsjett- og økonomiplanprosessen frametter. Eit slikt klimabudsjett skal innehalda oversikt over tiltak som må til for å nå kommunen sine klimamål, og skal følgjast opp som ein del av økonomiplanlegginga frå budsjett 2018 av.
- Kommunestyret ber om ei vurdering av moglegheitene for å inngå ei såkalla energisparekontrakt (EPC, Energy Performance Contract) for å få gjennomført fleire tiltak for energiøkonomisering.
- Det vart i kommunestyret 17. juni 2015 sett av midlar frå Samnanger-Sima-fondet til oppgradering av Hagabakkane, og administrasjonen vart bede om laga eit prosjekt for tiltaket med teknisk og økonomisk overslag. Kommunestyret ynskjer fortgang i dette arbeidet, og ber om at saka vert lagt fram for kommunestyret i løpet av vårhalvåret 2017.

Rekneskap pr 31.12.16, ikkje avslutta

Konto	Konto (T)	Ansvar	Ansvar (T)	Funksjon	Funksjon (T)	Rekneskap	Budsjett	Justering	rev.budsjett
12700	Konsulenttenester	5315	Politisk nivå og revisjon	1100	Revisjon	104 670	170 100	0	170 100
14290	Betalt mva - komskompensasjon	5315	Politisk nivå og revisjon	1100	Revisjon	40 543	38 760	0	38 760
17290	Momsrefusjon drift	5315	Politisk nivå og revisjon	1100	Revisjon	-40 543	-38 760	0	-38 760
				1100	Revisjon	104 670	170 100	0	170 100
10802	Tapt arbeidsforteneste	5315	Politisk nivå og revisjon	1101	Kontrollutval	0	10 000	0	10 000
10803	Møtegodtgjering	5315	Politisk nivå og revisjon	1101	Kontrollutval	50 355	28 000	0	28 000
10990	Arbeidsgjevaravgift	5315	Politisk nivå og revisjon	1101	Kontrollutval	7 100	5 358	0	5 358
11001	Faglitteratur, tidsskrift, avis	5315	Politisk nivå og revisjon	1101	Kontrollutval	400	500	0	500
11150	Matvarer	5315	Politisk nivå og revisjon	1101	Kontrollutval	1 410	1 500	0	1 500
11400	Kunngjeringar	5315	Politisk nivå og revisjon	1101	Kontrollutval	422	0	0	0
11501	Kurs/ opplæring	5315	Politisk nivå og revisjon	1101	Kontrollutval	12 694	15 000	0	15 000
11600	Skyss- og kostgodtgjering	5315	Politisk nivå og revisjon	1101	Kontrollutval	0	5 000	0	5 000
11950	Kontingentar	5315	Politisk nivå og revisjon	1101	Kontrollutval	1 400	1 300	0	1 300
12700	Konsulenttenester	5315	Politisk nivå og revisjon	1101	Kontrollutval	170 988	170 201	25 000	195 201
13300	Kjøp frå fylkeskommunen	5315	Politisk nivå og revisjon	1101	Kontrollutval	153 526	103 000	25 000	128 000
14290	Betalt mva - komskompensasjon	5315	Politisk nivå og revisjon	1101	Kontrollutval	73 906	89 640	0	89 640
17290	Momsrefusjon drift	5315	Politisk nivå og revisjon	1101	Kontrollutval	-73 906	-89 640	0	-89 640
				1101	Kontrollutval	398 295	339 859	50 000	389 859
						502 965	509 959	50 000	559 959



SAMNANGER KOMMUNE SENTRALADMINISTRASJON
v/Rådmannen
Tyssevegen 217
5650 TYSSE

Orgnr 974781492

Tilsyn - SAMNANGER KOMMUNE SENTRALADMINISTRASJON

Vi viser til tilsyn den 27.04.2016.

Oppfylte pålegg

Vi viser til tilbakemelding datert 20.01.2017.

Arbeidstilsynet får opplyst at Samnanger brannvesen har fått nytt verneombud fra 15.01.2017. Nytt verneombud er ansatt i eining for drift og vedlikehold. Det fremgår ikke i hvilken utstrekning det nye verneombudet kjenner arbeidsområdet til Samnanger brannvern som han nå er blitt verneombud for. Verneombudets rolle er å ivareta arbeidstakernes interesser i saker som angår arbeidsmiljøet, og vi minner derfor om viktigheten av at verneombudet kjenner arbeidsområdet han er verneombud for.

Pålegg - Verneombud - tatt med på råd

I tilbakemeldingen blir det bekreftet at Magne Lofthus er nytt verneombud for Samnanger brannvesen. Det bekreftes at verneombud for Samnanger brannvesen vil bli tatt med på råd og møter i alle saker som vedrører brannvesenets lokaliteter, kjøretøy, innkjøp av utstyr til mannskaper, planlegging av tiltak og ellers HMS arbeid for brannmannskaper. Det er lagt opp til 6 årlige møter mellom verneombud og arbeidsgiver.

På bakgrunn av tilbakemeldingen er pålegget oppfylt.

Pålegg - Verneombud - opplæring

Det er vedlagt kopi av to kursbevis som bekrefter at verneombud Magne Lofthus har gjennomført opplæring. LO/NHOs grunnopplæring i arbeidsmiljø er gjennomført i 1996, og har en varighet av 5 dager. Norges Bilbransjeforbunds kurs i helse, miljø og sikkerhet (HMS) er gjennomført som nettbasert fjernundervisning og bekreftes å tilsvare førti timer som grunnkurs i arbeidsmiljø. Det fremgår ikke av kursbevis når nettbasert fjernundervisning er gjennomført.



På bakgrunn av tilbakemeldingen er pålegget oppfylt.

Informasjon til verneombudet

Verneombudet skal gjøres kjent med vedtak fra Arbeidstilsynet, jf. arbeidsmiljøloven §§ 6-2 sjette ledd og 18-6 åttende ledd. Vi har sendt en egen kopi av dette brevet til verneombudet. Hvis virksomheten ikke har verneombud, skal arbeidsgiveren gi kopien til representanten for de ansatte.

Har dere behov for mer informasjon?

Dere finner mer informasjon om Arbeidstilsynet og om regelverket på www.arbeidstilsynet.no og www.regelhjelp.no. Dere kan også kontakte oss på telefon 73 19 97 00. Dersom dere har spørsmål til saken, kontakt saksbehandler, oppgi referansenummer 2016/20915.

Med hilsen
Arbeidstilsynet

Guro Fykse
tilsynsleder
(sign.)

Målfrid Oppedal
seniorinspektør
(sign.)

Dette brevet er godkjent elektronisk i Arbeidstilsynet og har derfor ingen signatur.

Kopi til:
SAMNANGER KOMMUNE BRANN- OG FEIARVESEN v/Verneombud Magne Lofthus,
Tyssevegen 217, 5650 TYSSE

Konto	Konto (T)	Ansvar	Ansvar (T)	Funksjon	Funksjon (T)	Rekneskap	Budsjett 2017
12700	Konsulenttenester	5315	Politisk nivå og revisjon	1100	Revisjon	0	155 000
14290	Betalt mva - komskompensasjon	5315	Politisk nivå og revisjon	1100	Revisjon	0	38 760
17290	Momsrefusjon drift	5315	Politisk nivå og revisjon	1100	Revisjon	0	-38 760
				1100	Revisjon	0	155 000
10802	Tapt arbeidsforteneste	5315	Politisk nivå og revisjon	1101	Kontrollutval	0	10 000
10803	Møtegodtgjering	5315	Politisk nivå og revisjon	1101	Kontrollutval	0	28 000
10990	Arbeidsgjevaravgift	5315	Politisk nivå og revisjon	1101	Kontrollutval	0	5 358
11001	Faglitteratur, tidsskrift, avis	5315	Politisk nivå og revisjon	1101	Kontrollutval	0	500
11150	Matvarer	5315	Politisk nivå og revisjon	1101	Kontrollutval	0	1 500
11501	Kurs/ opplæring	5315	Politisk nivå og revisjon	1101	Kontrollutval	0	15 000
11600	Skyss- og kostgodtgjering	5315	Politisk nivå og revisjon	1101	Kontrollutval	0	5 000
11950	Kontingentar	5315	Politisk nivå og revisjon	1101	Kontrollutval	0	1 300
12700	Konsulenttenester	5315	Politisk nivå og revisjon	1101	Kontrollutval	0	250 201
13300	Kjøp frå fylkeskommunen	5315	Politisk nivå og revisjon	1101	Kontrollutval	0	133 000
14290	Betalt mva - komskompensasjon	5315	Politisk nivå og revisjon	1101	Kontrollutval	0	89 640
17290	Momsrefusjon drift	5315	Politisk nivå og revisjon	1101	Kontrollutval	0	-89 640
19400	Bruk av disposisjonsfond	5315	Politisk nivå og revisjon	1101	Kontrollutval	0	-80 000
				1101	Kontrollutval	0	369 859
						0	524 859



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 033
Arkivnr: 2015/133-8
Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	9/17	13.02.2017

Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval

Bakgrunn

Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske organ vert sett på saklista til kontrollutvalet til kvart møte. Møteprotokollane kan lastast ned frå Samnanger kommune si heimeside. Protokollane gjev primært informasjon om dei sakene som har vore til politisk handsaming. Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfte ulike problemstillingar som ein finn av særleg interesse.

Kontrollutvalet har gjort vedtak om at ansvar for gjennomgang av møteprotokollar skal fordelast slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Kommunestyret	Brigt Olav Gåsdal
Formannskapet	Øystein Foss
Naturutvalet	Svein Verner Røseth

I tråd med fordelinga ber ein om at utvalsmedlemane ser gjennom innkallingar og møteprotokollar som det er aktuelt å referere saker frå.

Til dette møtet vil det vera aktuelt med gjennomgang av desse møteinnkallingane / protokollane:

- Kommunestyret 17.11.16, 15.12.16 og 26.01.17
- Formannskapet 23. og 24.11.16
- Naturutvalet 22.11.16

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

PS 10/17 Eventuelt